



Vår ref.: DokumentID 24/16399

Dykkar ref.:

Dato: 13.06.2024

BESTANDSPLAN HJORT YTRE HARDANGERFJORD VEST 2024-2028

Kvam herad mottok framlegg til bestandsplan for Ytre Hardangerfjord Vest bestandsplanområdet den 30.04.24 Heradet sendte den til Kvinnherad og Bjørnafjorden kommune til uttale. Kommunane har sett over bestandsplanen, og sendt tilbakemelding. Styret i bestandsplanområdet har tatt kommentarane fra kommunane til vurdering, tatt ein ny runde med fleire vald og hatt dialog med kommunane. Oppdatert bestandsplan er kome inn og me tar bestandsplanen til handsaming.

Rådmannen sitt vedtak:

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 16 godkjenner Kvam herad Ytre Hardangerfjord Vest bestandsplan for 2024 - 2028 med desse vilkåra:

- Plan for avskyting:

| Kalv | Spissbukk 1,5 år | Bukk 2,5 år og eldre | Hunndyr 2,5 år og eldre |
|------|------------------|----------------------|-------------------------|
| 40 % | ≤ 15 % | ≤ 10 % | 35 %* |

* Små ungkoller 1,5 og 2,5 år er prioritert å ta ut, derfor høgt uttak i kategorien.

- Fordeling av løyver for det enkelte vald basert på minsteareal og teljande areal:

Bjørnafjorden

| Minsteareal | Vald | Teljande areal | Løyver pr år | Samla for perioden |
|-------------|--------------------|----------------|--------------|--------------------|
| 300 | Ljotåen | 3842 | 13 | 65 |
| 300 | Sævereid | 4448 | 15 | 75 |
| 300 | Eikeland Austestad | 10089 | 34 | 170 |
| 300 | Hafskor m. fleire | 15531 | 52 | 260 |
| 300 | Nsjørgnes | 1237 | 4 | 20 |

Kvam

| Minsteareal | Vald | Teljande areal | Løyver pr år | Samla for perioden |
|-------------|-------------------|----------------|--------------|--------------------|
| 450 | Tørvikbygd-Ljones | 22400 | 50 | 250 |
| 450 | Innstranda | 9300 | 21 | 105 |
| 450 | Oma | 5254 | 12 | 60 |
| 450 | Nernes | 1610 | 4 | 20 |
| 450 | Dysvik | 9500 | 21 | 105 |

| | | | | |
|-----|---------------------------|-------|-----|-----|
| 450 | Øystese | 60000 | 133 | 665 |
| 450 | Kyrkjebygda | 13000 | 29 | 145 |
| 450 | Norheimsund Hjortevald | 68300 | 152 | 760 |
| 450 | Gravdal og Furuholde | 9106 | 20 | 100 |
| 450 | Linga Hjortevald | 6300 | 14 | 70 |

Kvinnherad

| Minsteareal | Vald | Teljande areal | Løyver pr år | Samla for perioden |
|-------------|--------------------------------|----------------|--------------|--------------------|
| 300 | Grønevik | 5500 | 18 | 90 |
| 300 | Hatlestrand Jaktvald | 16969 | 56 | 280 |
| 300 | Steinaneset- Tuftaskogen | 1550 | 5 | 25 |
| 300 | Varaldsøy | 45086 | 150 | 750 |
| 300 | Ytre Hatlestrand Hjortevald | 9082 | 30 | 150 |
| 300 | Vestrevik | 2000 | 6 | 30 |
| 300 | Skarvatun | 1097 | 3 | 15 |
| 300 | Ytre Ølve Hjortevald | 12443 | 41 | 205 |

- For å kunne fylgja bestandsutviklinga må valda føre sett hjort data.
- 30 % av unytta fellingsløyve kan overførast frå eit år til eit anna. Likeins kan 30 % av løyva forskotterast, med eit tilsvarannde fråtrekk i påfylgjande års kvote.
- Det skal utarbeidast eit betre og meir oversiktleg kart over bestandsplanområdet, i samarbeid med kommunane.
- Det enkelte vald må søkje om fråvik frå minstearealet til kommunen dei tilhøyre

Klagerett:

Jf. Forvaltningslova §§ 28 og 29 har de rett til å klage på dette vedtaket. Klagen skal sendast til Kvam herad som då vil vurdere saka på nytt. Klagefristen er 3 veker frå du er kjend med dette brevet.

Saksutgreiing:

Bestandsplanen skal innehalde mål for bestandsutviklinga, i samsvar med kommunane sine mål. Den skal også innehalde ein plan for den årlege avskytinga i antal dyr, fordelt på kategoriane kalv, vaksne hoer og hanndyr, samt spissbukk.

Statistikken fortel at bestanden i bestandsplanområdet er høg og har vore det i lang tid.

Måla i bestandsplanen til Ytre Hardangerfjord Vest er å redusera hjortestamma, med høgast avskyting der det er flest hjort. Lokale områder med lite hjort, skal likevel kunne auka

mengde dyr om det er ynskjeleg i valda. Hanndyr og eldre dyr- andelen skal aukast, og registrering i sett hjort skal halde seg høgt/ bli betre. Det er også eit mål at alle valda vert med i bestandsplanområdet.

Tiltak for å oppnå måla er at valda skal auka avskytinga si frå antal felte dyr i 2023. Høgt uttak av kalvar og ungdyr er prioritert for å auka alderen i stamma, og det skal fellast fleire koller enn bukkar for at kjønnsforhaldet skal verta betre. Valda er oppfordra til søkje om løyver etter minsteareal og om fråvik av minsteareal om dei ser at det kan bidra til auka fellinga, og syte for samarbeid mellom valda om løyva.

Innan bestandsplanområdet er det lagt opp til denne avskytinga:

| | | | | |
|-------------------------|---------|------|---|--|
| Kalv | | 40 % | | |
| Hoddyr 1,5 år og eldre | minimum | 35 % | → | minimum 60 % skal vera unge dyr under 2,5 år eller yngre |
| Hanndyr 1,5 år og eldre | maks | 25 % | → | Vert rekna som unge dyr, uansett alder |
| Spissbukk | | | | |

Til saman søker valda om 937 løyver pr.år, totalt 4685 løyver i ein 5 – års periode. Valda har eit samla areal på 320 176 daa. Fellinga dei siste åra for heile bestandsplanområdet har vore:

| | Tildelt totalt | Felte totalt | Fellingsprosent samla | Felte ho kalver | Felte ho dyr 1½ år | Felte eldre hoddyr | Felte hann kalver | Felte hanndyr 1½ år | Felt eldre hanndyr | Fordeling ho/hann |
|------|----------------|--------------|-----------------------|-----------------|--------------------|--------------------|-------------------|---------------------|--------------------|-------------------|
| 2019 | 778 | 569 | 73 % | 77 | 106 | 105 | 86 | 107 | 88 | 288>281 |
| 2020 | 778 | 587 | 75 % | 78 | 120 | 110 | 77 | 103 | 99 | 308>279 |
| 2021 | 877 | 677 | 77 % | 94 | 130 | 127 | 94 | 114 | 118 | 351>326 |
| 2022 | 877 | 630 | 72 % | 85 | 109 | 125 | 106 | 102 | 103 | 319>311 |
| 2023 | 880 | 693 | 79 % | 105 | 116 | 114 | 127 | 120 | 111 | 335<358 |

Ei auke i fellingsløyver har gjort at det er ein annleis prosentfordeling av ulike kategoriar i forhold til den førre planen. Dette for at det skal vera trygt for valda å felle fleire dyr, utan at dei skal vera redde for å redusere hjortebestanden for mykje.

Vurdering:

Om målsetjingane i bestandsplanen, teljande areal og løyver

Fordelinga av løyvene har ein høg andel kalv og ungdyr. Bestandsplanen legg opp til at det skal vera lett å ta ut små og svake dyr. På jakt skal jegerane enkelt kunne ta desse dyra ut, utan at jegeren må liggje å vurdere alder på små dyr. Planen legg opp til å ta vare på gode koller og auka alderen på bukkar for å oppnå tidlegare brunst og kalving. Tabellane syner at bestanden har vore høg over lengre tid. Det er ynskjeleg å redusere hjortebestanden i årsleveområdet til ei hjortestamme som er frisk og sterkt, og som taklar vintrane godt.

Det er store lokale variasjonar i hjortetettleiken i bestandsplanområdet. I ytre delane av bestandsplanområdet i retning mot Kvinnherad er det tett med hjort, og her må valda fortsette å samarbeide om å få nok løyver til å få tatt ut nok koller i tillegg til kalv og ungdyr. For å oppnå måla skal valda auka avskytinga si frå felte dyr i 2023. Dei er oppfordra til å samarbeida mellom valda, og til å søkje om fråvik av minsteareal der det lokalt er høg tettleik av hjort.

Kvinnherad kommune har eit anna minsteareal enn kva som ligg inne i tabellen i bestandsplanområdet, og det er feil i tabellen på teljande areal i fleire vald. Valda får løyver etter teljande areal og minsteareal i kommunane dei tilhører. Vald som har søkt om fråvik av minsteareal i bestandsplanen, vil få eige vedtak av kommunen på det.

Overføring av unytta kvote

Ein bestandsplan skal gje rom for fleksibilitet for at ein skal kunne oppnå måla ein har sett seg. Ved godkjenning av bestandsplanen skal det gjevast informasjon om moglegheita for overføring/forskotering av løyver. Miljødirektoratet si anbefaling er 10 %, og det skal kun unntaksvis aksepterast meir. Valda vil få tildelt fri kalveavskyting i år og me synes at 30 % overføring av ubrukte løyver frå jaktsesongen året før og 30 % forskotering av løyver for neste jaktår er høveleg. Overføring av fellingstillatelser til neste års kvote, fylgjer det valdet som i utgangspunkt hadde rett til å felle dyret. Valda seg i mellom kan fritt overføre dyr til andre medlemsvald. Dette skal vere skriftleg mellom valda, med kopi til kommunane.

Etter forskrift om forvaltning av hjortevilt § 15 andre ledd, skal bestandsplanen innehalde ein plan for den årlege avskytinga fordelt på kategoriane kalv, vaksne hodyr og vaksne hanndyr, samt spissbukk. Det er vidare spesifisert i miljødirektoratet sin rettleiar til forskrifta at kategoriane i andre ledd kan ikkje slåast i saman. Bestandsplanen har slått saman kategoriane hanndyr $1\frac{1}{2}$ og eldre, og spissbukk. Dette kan ikkje kommunen godkjenne og me må sette ein prosent på spissbukk. Jaktsrettshavarane har midlertidig sjølv anledning til å dele opp de nemnde kjønns- og alderskategoriane. For meir informasjon om dette kan styret lese på side 21 og 22 i miljødirektoratet sin rettleiar M – 478/ 2016.

Kvam herad sine målsettingar for forvaltning av hjortevilt 2021 - 2024 er at kalv og ungdyrandelen skal utgjere minst 60 % av jaktuttaket med omrent lik kjønnsfordeling. For vaksne dyr skal fellingsprosenten ikkje overstiga 40 % og fordeling kolle/bukk skal justerast ut i frå sett kolle pr. bukk. Dette bør ikkje overstiga 1,2. Me har og som mål å vidareutvikle samarbeidet med dei andre kommunane i regionen om hjorteviltforvaltninga (Kvinnherad, Samnanger, Bjørnefjorden og Voss). Målsetjingane for heradet skal oppdaterast i år, og vil mest truleg endre seg meir i retning mot nabokommunar. Bjørnefjorden kommune har kommentert at det er ønskeleg at det skal nyttast same fordelingsnøkkelen som det vert gjort i hjorteviltstrategien til Bjørnefjorden kommune som er *kalv minimum 30 %, spissbukk maks 15 %, kvige 1 ½ år 18 -20 %, eldre bukk maks 12 % og eldre kolle 25 %*. Totalt 43 – 45 % eldre hodyr. Kvinnherad si målsetjing er kalv min 35 %, Hanndyr maks 29 % der 55 % skal vere ungdyr og 45 % vaksne. Kolle maks 36 % med same fordeling.

Bestandsplanen har lagt opp til hanndyr 1,5 år og eldre skal vera maksimalt 25%. Kommunane har delt denne kategorien opp i maks 15 spissbukk og 10 % vaksen bukk over 2 ½ år jf. § 15 i hjorteviltforskrifta.

Det vert og på denne måten enklare for kommunane å fordele løyver til dei valda som ikkje er medlemmer av bestandsplanområda, om ein skal fylgje noko lunde den same fordelingsnøkkelen som i bestandsplanen.

Målloppnåing

Aktiv bruk av Sett og skutt og registrering av slaktevekter gjev eit godt grunnlag for å vurdere målloppnåinga. Ved for store avvik frå planlagt uttak eller ved manglande rapportering, kan kommunen trekke tilbake godkjenninga av bestandsplanen.

Dersom teljande areal i valda, minsteareal i ein av kommunane, eller medlemsvald endrar seg, kan planen justerast og ny fellingsstillating gjevest for gjenværande del av planperioden. Oppdatert bestandsplan må då sendast inn til vertskommunen innan 1.mai for godkjenning av endring i bestandsplanen.

Helsing

Thea Helena Opheim
Sakshandsamar landbruk
Telefon: 56 55 06 19

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

| | | | |
|---|----------------------------------|--------------|---------------------------|
| Bjørnafjorden Landbrukskontor Kommunetunet v/viltforvaltninga Hallvard Vindenes Kvinnherad Kommune v/Viltforvaltninga | Postboks 24 Rosendalsvegen 10 | 5649 5470 | EIKELANDSOSEN ROSENDAL |
|---|----------------------------------|--------------|---------------------------|

Vedlegg:

10.06.2024

10.06.2024

Tittel:

Revidert tabell til søknad om Bestandsplan hjort YHFV 2024-2028

Doc - 10-06-2024 - 15-53